



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter forskriften del I

for anskaffing av

***Utbetring av Besseggen-stien opp frå Memurubu i
Jotunheimen nasjonalpark***

Saksnr: 2026/4023

1	GENERELLE OPPLYSNINGAR	3
1.1	Oppdragsgjevar	3
1.2	Anskaffinga sitt formål og omfang.....	3
1.3	Avtalevilkår.....	4
1.4	Deltilbud	4
1.5	Viktige datoer og tidsfrister	5
1.6	Atterhald.....	5
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	5
2.1	Anskaffingsprosedyre	6
2.1	Skatteattest	6
2.1	Offentlegheit og teieplikt	6
2.2	Vedståingsfrist	6
2.3	Oppdatering av konkurransegrunnlaget.....	7
2.4	Tilleggsopplysningar	7
3	KVALIFIKASJONSKRAV	7
3.1	Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar	7
4	TILDELINGSKRITERIUM	8
5	Innlevering av tilbod	8
5.1	Tilbodets utforming	8
6	Vedlegg	9

1 GENERELLE OPPLYSNINGAR

1.1 *Oppdragsgjevar*

Statsforvaltaren i Innlandet v/ Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er oppdragsgjevar for anskaffinga. Nasjonalparkstyret er forvaltingsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret er representert med politikarar frå kommunane Lom, Luster, Vang, Vågå og Årdal og frå fylkeskommunane Innlandet og Vestland.

Nasjonalparkstyret skal forvalte verneområda i samsvar med verneforskriftene for verneområda, naturmangfaldlova og internasjonale plikter. Styret har ansvar for ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvalting av verneområda, der hovudoppgåvene er ivaretaking av verneverdiane og verneføremålet. Det kan leggjast til rette for verdiskaping knytt til verneområda, under føresetnad av at bruken ikkje går ut over verneverdiane. Besseggen er eit viktig trekkplaster for reiselivet, og det er viktig å oppretthalde kvalitet på stien.

Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som sekretariat for styret. Desse har kontor plass ved forvaltingsknutepunkta på Norsk Fjellsenter i Lom og på Rådhuset i Gaupne, Luster.

Anskaffinga blir gjennomført av oppdragsgjevar. Avtalen vil bli inngått av oppdragsgjevar.

Kontaktpersonar for oppdraget:

Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen – prosjektleiar.

kari.sveen@statsforvalteren.no - Mob. 94880564

Praktisk gjennomføring skjer i samarbeid med SNO-Jotunheimen og Lom fjellstyre

1.2 *Anskaffinga sitt formål og omfang*

Formålet er å inngå kontrakt om kjøp av teneste manuelt arbeid med reparasjon og oppbygging av sti. Over tid har det oppstått omfattande erosjon på Besseggen-stien opp frå Memurubu. Det er derfor behov for å reparere dei øydelagde partia og å leie bort vatn slik at det ikkje oppstår ny erosjon, og å reparere vassrenner og supplere med nye renner der det er behov.


Planlagt arbeid er nærare skildra i vedlegg D. Tiltaka er følgjande:

- Bygge opp stien med knust grus og stein for å redusere erosjon og etablering av parallelle stitraséar
- Oppbygging og istandsetting av stikkrenner for å leie vatn vekk frå stien
- Punktreparasjonar og avstenging av parallelle stiar med stein.

Den populære stien er svært viktig for reiselivet i området, og Besseggen vart autorisert som nasjonal turiststi i 2022. Det vart utført ei omfattande tilrettelegging med steinsetting på delar av stien frå 2005, og Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har supplert med mindre tiltak for reparasjon og utbetringar dei seinare åra. Høge besøkstal gjer at det oppstår trakkslitasje over tid, og der vegetasjonen er borte får smeltevatn og nedbør godt tak for vidare erosjon. Nå trengst ein omfattande reparasjon av stien på ei ca. 100-150 meter lang strekning i eit bratt parti opp mot fjellryggen frå Memurubu, samt punktutbetringar og reparasjon av vassrenner og eroderte parti der det er behov.

På særleg nedslitte parti må stien byggast opp med tilført grus og stein etter metode **spalta grussti**, sjå **vedlegg D om oppdragsbeskrivelse**.

Det blir i 2026 prioritert arbeid på strekninga mellom om lag kote 1150 til kote 1250.



Utbetringa krev tilført knust grus og eigna stein ved hjelp av helikopter.

Byggherre vil kjøpe inn og bestille helikoptertransport av tilført materiale.

For nærare skildring av behova, sjå vedlegg D med illustrasjonsfoto og kart. Det blir også oppstartsynfaring.

Arbeidet skal utførast i perioden 6. juni - 13. september, når det er faste daglege avgangar med Gjendebåten på strekninga Gjendesheim-Memurubu. For å unngå travlaste fottursesongen er det ein fordel å utføre arbeidet før fredag 3. juli eller etter måndag 17. august.

Dersom det står att arbeid ved avslutta sesong, kan det vera aktuelt med ei vidareføring i 2027, under føresetnad av at det blir løyvd midlar også neste år.

1.3 Avtalevilkår

For dette oppdraget gjeld avtalevilkåra i vedlegg E.

1.4 Deltilbod

Det er ikke høve til å gje tilbod på delar av oppdraget.

Oppdraget er i seg sjølv avgrensa til ein bestemt type arbeid og innan ein gitt strekning der det skal arbeidast innan eit avtala tidsrom og så langt ein rekk innan budsjettramma.

1.5 Viktige datoar og tidsfristar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsramme for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Utlysing av konkurranse ved avisannonser og utlegging av anbodsdokument på eiga nettside nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen	Veke 13
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	15.04.2026 kl. 12:00
Frist for å levere tilbod	22.04.2026 kl. 12:00
Tilbodsopning	22.04.2026 kl. 14:00
Evaluering	Veke 17-18
Val av leverandør og melding til leverandør	29. april 2026
Frist for å klage	10. mai kl. 24:00
Inngå avtale	Veke 20
Tilbodet sin vedståingsfrist	30. oktober 2026, kl. 24:00

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter fristen for å levere tilbod er foreløpige og vil kunne endrast. Eventuell forlenging av vedståingsfristen kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.6 Atterhald

Tilretteleggingstiltak i regi av nasjonalparkstyret vert finansiert gjennom årlege løyvingar frå Miljødirektoratet. Det blir teke atterhald om naudsynt finansiering av prosjektet.

Oppdragsgjevar vil ha sakleg grunn til å avlyse eller redusere omfang av oppdraget dersom det ikkje blir løyvd midlar som sikrar full finansiering.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

Konkurransegrunnlaget består av følgjande dokument:

- Konkurransegrunnlag (dette dokumentet)
- Vedlegg A: Tilbudsbrev, mal
- Vedlegg B: Forpliktingserklæring, mal
- Vedlegg C: Atterhald og avvik, mal
- Vedlegg D: Tilstandsrapport med skildring av behov og krav til ytinga
- Vedlegg E: Avtalevilkår med prisskjema

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I.

Denne anskaffinga sin anslåtte verdi er mellom kr 100 000 ekskl. mva. og kr 1,3 mill, og er fritatt frå kunngjeringsplikt.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å svare på spørsmål og gjera eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda dersom noko synest uklart.

Forhandling blir ikkje gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilbod er mottatt, vurderer at forhandling ikkje er hensiktsmessig. Dialog i form av rettingar/avklaringar gjennomførast ved behov.

Leverandøren blir oppfordra til å følgje gitte føresetnader i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål ved ev. uklare forhold til oppdragsgjevar.

2.1 Skatteattest

Vald leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom den valde leverandøren er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere tilbod.

Ved bygge- og anleggskontrakter skal også alle underleverandører levere skatteattest ved inngåelse av kontrakter i tilknytning til oppdraget, som overstiger kr 500 000 ekskl. mva.

2.1 Offentlegheit og teieplikt

For innsyn frå allmenta i dokumenta knytt til anskaffinga gjeld lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd av 19. mai 2006 (offentleglova). Det kan gjerast unntak frå innsyn for tilbod og protokoll til valet av leverandør er gjort, jf. § 23 (3).

Ved gjennomføringa av anskaffinga gjeld reglane om teieplikt i lov om behandlingssaker av 2. oktober 1967 (forvaltningsloven). Oppdragsgjevar med sine tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det vil ha betydning for konkurransen å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og forvaltningslova § 13.

2.2 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5. ovafor.

2.3 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar og ved oppdateringar på heimesida der konkurransegrunnlaget er lagt ut.

2.4 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar frå oppdragsjevar sin kontaktperson.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber ein om at dette blir formidla til oppdragsgjevar sin kontaktperson.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

I denne konkurransen stiller vi følgjande krav til leverandøren sine kvalifikasjonar:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal vere registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister. Leverandøren skal ha nødvendige og faglege kvalifikasjonar, som erfaring frå oppdrag som dette kan samanliknast med.	Firmaattest. Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Dvs manuelt terrengarbeid med vekt på god terrengtilpassing i sårbar natur. Skildringa må oppgi verdien på oppdraget, tidspunkt og mottakar / referansekontakt (namn, telefon og e-post). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd i teneste for ein annan leverandør.
Tilbydaren skal disponere tilstrekkeleg kapasitet, utstyr og kompetanse til å utføre oppdraget i tråd med utlysinga.	Skildring av bemanning i foretaket, utstyr og organisering med omsyn til å levere i forhold til arten av oppdraget.
Tilbydar må skildre kva ressursar som skal utføre arbeidet, kva kompetanse desse har.	Ei skildring av leverandøren sine tilgjengelege ressursar til å utføre arbeidet. Dette inneber dokumentasjon på erfaring med manuelt terrengarbeid og steinsetting. Evt. kursdeltaking/-bevis på slikt arbeid kan leggjast ved.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Oppdragsgjevar vil velje tilbod på grunnlag av det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjon
Pris	40 %	Leverandør skal skildre kostnader ved utfylling av prisskjema som viser timepris på manuelt arbeid for oppbygging av spalta grussti, vassrenner, kanalisering ved hjelp av stein og tilrettelegge for revegetering Oppgje eventuelle andre personalkostnader / kostnader ut over timepris ved terrengarbeidet på staden
Kvalitet og løysingsforslag	30 %	CV for sentrale medarbeidarar i prosjektet, minimum for arbeidsleiaren. CV skal innehalde opplysningar om utdanning og/eller kompetanse/erfaring frå tidlegare relevante oppdrag. Kort skildring av utstyr og arbeidsmetodar som blir lagt til grunn for å løyse oppdraget, jf. oppdragsskildringa. Denne bør også seie noko om moglege utfordringar knytt til gjennomføringa.
Levering, prosess og framdrift	30 %	Tilbydar skal skildre anslått tidsplan for gjennomføring av oppdraget slik at oppdragsgjevar ser når arbeidet kan utførast. Framdriftsplanen skal vise progresjon i arbeidet. Det leggst fram liste over tilgjengeleg utstyr som tilbydar stiller med.

5 Innlevering av tilbod

Tilbod skal leverast pr. e-post til sfinpost@statsforvalteren.no og kari.sveen@statsforvalteren.no med kopi til eldrid.nedrelo@statsforvalteren.no innan tilbodsfristen gitt i pkt. 1.5. **(22.04.2026 kl. 12:00)**
Tilbod skal utformast på norsk.

5.1 Tilbodets utforming

Tilbodet skal leverast i tråd med avtalevilkår, innan tilbodsfristen.

Den leverandøren som vinn konkurransen må i tillegg levere skatteattest.

Tilbud skal leverast med følgjande innhald og struktur:

Dokument	Forklaring
Tilbudsbrev	Tilbudsbrevet må fyllast ut og signerast av ein person som har fullmakt til å pådra leverandøren forpliktingar. Leverandøren må vedstå seg sitt tilbud til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 1.5. Bruk mal i vedlegg A .
Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav etterspurt i pkt. 3.1	Leverandør som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava vil bli avvist.
Forpliktingserklæring	Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava, skal han dokumentere at han rår over dei nødvendige ressursane ved å legge fram ei forpliktingserklæring frå desse verksemdene. Bruk mal i vedlegg B .
Atterhald og avvik	Leverandøren skal levere ei liste over eventuelle avvik (herunder atterhald) basert på malen i vedlegg C . Vi gjer merksam på at tilbud som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta vil bli avvist.
Dokumentasjon på oppfylling av tildelingskriterium etterspurt i pkt. 4 (med unntak av pris).	Leverandøren sitt svar vil danne grunnlag for tildeling av kontrakt i tråd med tildelingskriteria gitt i kap. 4.
Pris og kvalitet	Vi ber om tilbud i tråd med spesifikasjonar i konkurransegrunnlaget. Leverandøren sine svar vil danne grunnlag for tildeling av kontrakt i tråd med tildelingskriteria gitt i kap. 4.

6 Vedlegg

- Vedlegg A - E
- Enkelt prisskjema